



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Uttale til søknader om tillatelse til å bygge to småkraftverk i Tokke kommune - Lårdalsåi kraftverk og Lårdal kraftverk

NVE har mottoke to søknader om løyve til å byggje to småkraftverk i Tokke kommune. Søknadane er sendt på høyring i brev frå NVE av 15.07.2014. Ein er beden om å handsame søknadane under eit og samla belastning for området skal vurderast.

Søknadane:

Lårdalsåi kraftverk vil nytte fallet i Lårdalsåi mellom inntaket på kote 166 ved Nydam og kraftstasjonen på kote 75. Det er planlagt røyrgate i nedgraven/ nedsprengt grøft med ei lengde på 750 meter. Det er behov for ny veg til inntaket og til traseen mellom kote 105 og 75. Planlagt produksjon er 3,4 Gwh og installert effekt 1,2 Mw. Det er planlagt slepp av ei minstevassføring på 36 l/s heile året.

Lårdal kraftverk vil nytte fallet i Lårdalsåi mellom kote 398 ved Kleivi og kote 166 ved Nydam. Vassvegen her er 1340 meter lang og er planlagt nedgrave i grøft. Det er behov for 300 meter ny veg til kraftstasjon og 30 meter til inntaket. Planlagt produksjon er 8,7 Gwh og installert effekt 3,5 MW. Det er planlagt slepp av ei minstevassføring på 35 l/s heile året.

Biologisk mangfald:

Verknadene for biologisk mangfald er vurdert som middels negative (Faun 2013).

Karplantefloraen er vurdert som ganske rik, og dei mest verdifulle områda er kantskogen langs elva og beitemarka på Skjelbrei og Homme. Rik lauvskog i kombinasjon med elva og kulturlandskapet gir gode vilkår for eit rikt fugleliv. Her nemnast at både fossefall og vintererle er knytte til Lårdalsåi i hekketida. Redusert vassføring kan reknast som svært negativt for desse artane.

Fjellsidene på nordsida av Bandak er kjent for sine varmekjære edellauvskogar med sjeldne planter.

I det omsøkte området er det registrert ei bekkekløft (naturtype) som omfattar ein del av elva som er planlagd utbygd. Naturtypen er gitt verdi C (lokal verdi). Det er påvist

raudlisteartar langs vassdraget. Gamle styvingstre av ask langs vassdraget er ein del av kulturlandskapet.

Redusert vassføring kan endre mikroklimaet som igjen kan gi dårlegare forhold for fuktkevjande artar av mosar og lav. Artsmangfaldet er størst i den øvre delen og her er det tidlegare påvist raudlistearten *systemarihand*.

Generelt om naturmangfald – samla belastning:

Tokke kommune har ei rad bekkekløfter med store naturverdiar. Gjennom «bekkekløftprosjektet» blei mellom anna Tokkeåi og Smogåguvet vurdert å ha særleg store naturverdiar, dette gjeld også for nedre deler av Rukkeåi. Samla belastning på naturkvalitetane knytt til bekkekløfter i Tokke har stor betyding for naturmangfald knytt til denne naturtypen på nasjonalt nivå. På bakgrunn av at meir enn 97,5 % av det totale kraftpotensialet i vassdraga i Tokke er regulert til kraftproduksjon (ref. NVE) må den samla belastninga allereide i dag seiast å være svært høg. Naturverdiane knytt til bekkekløftene i kommunen kan derfor påreknas å være påverka i større eller mindre grad. Dette er ikkje undersøkt konkret, men ein antar at bl.a. levestader for raudlisteartar knytt til område med konstant høg luftfuktighet kan være negativt berørt. For å sikre langsiktig beskyttelse av desse naturkvalitetane meiner vi at det er spesielt relevant å vurdere den samla belastninga for bekkekløfter som naturtype i kommunen og på regionalt nivå. Dette gjeld både i vurdering av utbyggingssaker og ved villkårsrevisjonar for eksisterande reguleringar. Ved eventuell utbygging i nye områder, må det samtidig vurderast om det er nødvendig med avbøtande tiltak i form av endra regimer og auka minstevassføring for andre regulerte vassdrag for at den samla belastninga ikkje skal bli for høg. Slike avbøtande tiltak må i så fall vurderast i de områda som har dei største dokumenterte naturverdiane, slik som f.eks Tokkeåi, Smogåguvet og Rukkeåi.

Fisk og ferskvannsbiologi:

Elvestrekningen frå Bandak er undersøkt (NINA) og denne er viktig for den lokale aurestamma i Lårdal. Den aktuelle gytstrekningen i elva frå Bandak vil i liten grad bli berørt av ei utbygging med hensyn til vassmengder. Her må ein likevel pårekna ei negativ utvikling med hensyn til mengde næringsdyr ved redusert vassføring i store delar av elva.

Landskap:

Lårdal er ei lita grend i Tokke kommune. Bygda er eit knutepunkt ved Telemarkskanalen (Bandak) og er eit betydeleg element i det storslåtte landskapet langs denne delen av kanalen. I dette landskapet framstår Lårdalsåi som at av de bærande elementa. Landbruk, turisme og lokal industri har vært viktige næringsvegar for bygda. Klimaet i Lårdal er i mange høve nemnt som viktig for det lokale landbruket ved produksjon av frukt og bær.

Bekkekløfter og fossestryk er viktige naturtyper i bygda og er ein del av vassdragsnaturen her. Her kan nemnast Klovefossen som eit viktig element i åa.

Landbruk:

Ved legging av rør i dyrka mark fram til kraftverk vil drenering og uttørking av dyrka mark være eit tema. Dette er ikkje tilstrekkeleg vurdert i denne saka. Klimaet i Lårdal er i mange høve vert nemnt som viktig for det lokale landbruket ved for eksempel produksjon av frukt og bær.

Påverknadane på kulturlandskapet er ikkje tilstrekkeleg vurdert og vi meiner det ikkje er gjort ei god nok analyse av vassdraget som landskapselement i bygda og langs kanalen.

Bygda har blant de høgast registrert middeltemperaturane i landet og druer, appelsinar og valnøtter har modnast her.

Det er godt egna for frukt og bær dyrking i bygda.

Turisme:

Lårdal var eit sentrum i Vest-Telemark i glansdagane for Telemark kanalen.

Dalen nokre kilometer lenger inn i Bandak er sentrum i Tokke kommune og har vært eit knutepunkt for ferdsel mellom aust og vest langt tilbake i tid.

Tokke kommune er kjent for sin store kraftproduksjon. Tokkeverkene er blant landets største produsentar av kraft idag.

Vasskraft og samla belastning:

Tokke kommune er rik på energiressursar, særleg vasskraft. Det produseres meir enn ca. 2,6 Twh årleg (ref. VTK, 2011 - energiutgreiing Tokke) og om lag 97% vasskrafta er utnytta i dag.

Produksjonen av strøm i kommunen er mykje større enn forbruket. Totalt forbruk i Tokke kommune er på om lag 45 Gwh og elektrisitet utgjør om lag 80 % av energiforbruket. Tokke er ein stor leverandør av elektrisk kraft til landet. Av dei store kraftverka i kommunen kan nemnast Tokke kraftverk (2064 Gwh), Byrte kraftverk (123 Gwh), Lio kraftverk (250 Gwh), Gausbu kraftverk (37 Gwh), og Åmdal kraftverk (141 Gwh).

Den store produksjonen av elektrisk kraft i Tokke kommune inneberer ei betydelig påverknings på vassressursane i vassområde Midtre-Telemark og Tokke-Vinje vassområde. Det er opna villkårsrevisjon for Tokke-Vinje konsesjonane. Arbeidet med desse revisjonane pågår. I arbeidet med denne har kommunane framsett krav om forbetring av mange vassførekomstar. Blant anna auka vassføringar og krav om endingar i reguleringane av magasina.

Konklusjon:

Vi meiner at vassdragsnaturen i Tokke kommune i svært stor grad er utnytta til kraftproduksjon og at naturen er påført betydelege inngrep. Gjennom sitt bidrag er kommunen påført skade i vassdragsnaturen med de følger dette har på vassbiologi og naturinngrep. Gjennom Tokke-Vinje-reguleringa er kommunen ein av dei store leverandørane av kraft til det norske samfunnet. Vi meiner ut frå ei vurdering av heilheiten i saka at den totale belastninga i kommunen og regionen må vurderast nøye i den kommande behandlinga av konsesjonsspørsmålet knytt til Lårdalsåi.

Fylkesmannen stiller seg tvilsam til om fordelane av tiltaket overstig ulempene for allmenne og private interesser ut frå ei totalvurdering av samla påverknadar på vassdragsnaturen i Tokke kommune. Ulempene samla sett står etter vår meining ikkje i forhold til kraftproduksjonen på ca. 12,1 Gwh som er samla produksjon frå dei omsøkte kraftverka.

Ingvar Oland
Underdirektør

Arne Kjellsen
Senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Vedlegg

Kopi til:
Miljødirektoratet Postboks 5672, Sluppen 7485 TRONDHEIM
Tokke kommune